

Vatnaktivitetar heile dagen!

13.06.2008



Det var eit myldrande liv utpå Stølavikjo fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag den 13. juni var slett ikkje nokon ulukkesdag ved skulen i Uskedalen. Tvert i mot var det ein lukkedag for elevane – og vi vil tru også for lærarane



[Tube var ein populær aktivitet. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Det var dagen då vatn-aktivitetar i ymse former stod på timeplanen og fylte heile dagen. Lukkelegvis var også vergudane stort sett på same partiet.



Også fiskebåten Vestervik var å sjå på Strandakaien, men han inngjekk diverre ikkje i aktivitetstilbodet. (Foto: Ola Matti Mathisen)
 Elevane gjennom elevrådet kan velgja kva dei vil gjera to dagar i året og i år har dei vald ein fjelltur om hausten og ein vatnsportdag om sommaren. Tilbodet denne dagen var mangfaldig og planleggjinga hadde vore grundig. Ikkje minst var tryggleiken sett i fokus.
 Elevane kunne velgja frå ein meny som inneheldt desse aktivitetane: vengjebåt (som kravde mest førebuingar) , fiske, kano, strandleik, tube og vannski.

Det var ikkje noko strengt skille klassevis – alle kunne vera med på alle aktivitetane utifrå lyst og interesse. Utan at uskedalen.no sette opp nokon statistikk over kva som var mest populært var det tydeleg at fiske slo godt an. Det var tett med frydefulle hvin over fangstane. Den lokale fiskebåten Vestervik var for øvrig til kai midt under aktivitetane, men han inngjekk ikkje i aktivitetstilbodet og det beklaga både elevar og lærarar....

Uskedalen oppvekstsenter skal berømmast for stor kreativitet når dei planlegg skuleåret og for at dei også opnar for ordet trivsel i vidaste forstand.....

Av Ola Matti Mathisen



Tredjeklassingen Solveig Haugland med fangsten sin. (Foto: Ole Matti Mathisen)